

87. ¹Tone: Heimen er baate vond aa god.

1. Soli vert varmar dag for dag
 Vaaren kjem att aa vil leva.
 Soli den hev sit gamla lag
 Ho ljøs aa liv alt kan gjeva
2. Varme aa vekst til kvart eit straa
 Til trær buskar aa blomar
 Ho trengjer seg inn i krok aa kraa
 Soli ja den gjev os sumar.
3. Liv aa ljøs til kvart levandd kryp
 Paa jordskorpa kan ho gjeva
 Straalar og ned til havets djup
 Til alt so der skal leva.
4. Livskrafti uti hjarta vort
 Solvarme og maa ernæra
 Skodda aa myrkje jaga burt
 So at me frukt kunne bæra
 For andeleg frisk aa væra
5. Ugras aa *svunleng* veks aa gror
 Dei gode vokster vil kvæla
 soli maa verna vor jartejord
 Tyna maa frost aa *hæla*
6. Rusdrykk aa vondskap yveralt
 folk uti *vesaldom* famla
 Ting so kan drepa jordens salt
 Alt burt i sedløysa ramla
7. Ung aa gamal kvinna aa mann
 Rettfær aa sanning bevara
 Soli so skin yver land aa stran
 Lad den med frostskodda fara
8. Upphav til ljøs os giv
 Upphav til fred aa til frelsa
 Upphav du med ditt stærke «bliv»
 Upphav til mot aa til helse.
9. Menneskeborni paa vor jord
 Tumlar seg jamt burt i villa
 Vyrda for lite far sine ord
 Aa *signinji* soleis splilla
10. Himmelens solljøs ifraa Gud
 Maa me kje hindra aa stengja
 Kjærleiken til hans ord aa bud
 Er det me særiligen trengja